

Prosjektgruppemøte E-helse Vestland

Tid: 21.10.20 kl. 08.30 - 15.30

Stad: Thon hotell, Førde

Til stades:

Lise Mari Haugen, Assisterande kommunedirektør i Sunnfjord kommune (i starten av møtet)

Marta Strando USHT Sogn og Fjordane

Per Waardal, USHT Hordaland

Sigrun Perez, Seksjonsleiar Fagforbundet

Eva M. Halvorsen, Pensjonistforbundet

Kari Støfringsdal, Helse Vest IKT

Hilde Cornelliussen, Vestlandsforskning

Janne Bø, Senter for omsorgsforking på HVL

Solrun Hauglum, Vaksdal kommune

Oddvin Neset, Masfjorden kommune

Åslaug Botnen, Kvam Herad (Teams)

Kristin Bruland, Sunnfjord kommune(fram til kl. 10)

John Olaf Røhme, Luster kommune

Kjersti Valvik, Fjaler kommune

Nils Ingvald Halle, IKTNH

Kari Bjørkheim, Prosjektleiar E- helse Vestland

Annette Norevik, Kjell Olav Bondevik, Gro Løvik og Anita L. Sævilid, Prosjektmedarbeidarar i E- Helse Vestland

Ikkje til stades:

Barbro Longva, Stad kommune

Inger E. Grotle, Alarmsentralen


Innleiing v/ *prosjektleiar Kari Bjørkheim* og *presentasjonsrunde*

Saksnr.	Agenda/Saksinformatjon	Oppfølging	Ansvar/ Frist
01/20	<p>Informasjon om prosjektet <i>v/ assisterande kommunedirektør Lise Mari Haugen i Sunnfjord kommune</i></p> <p>Strukturen i kommunane har endra seg, og samarbeidsformer/regionsamarbeid er i endring. Det er stor forskjell på størrelse i kommunane i Vestland, og det er nokre kommunar som veks, mens andre har reduksjon i folketalet.</p> <p>I august var prosjektet E-helse Vestland opp som sak i Digi Vestland. Digi Vestland held på med mogleg endring av samarbeid – og prosjektstruktur, og derfor blei det ikkje endeleg bestemt korleis/kven som skal sitje i styringsgruppa til E- helse Vestland.</p>	<p>Utdrag frå vedtak frå møte i Digi Vestland 18.08.20:</p> <p><u>53/20 Eventuelt E-helse Vestland (Sunnfjord kommune)</u> Saken blir tatt med som eget punkt i neste styringsgruppemøte. Som del av saksforberedelsene avholdes møte mellom styringsgruppens leder, sekretariatet, leder for styringsgruppe e-helse og prosjekteiar (representert ved kommunedirektør og ass. kommunedirektør i Sunnfjord kommune).</p> <p>Det blei fremholdt at forankring i Digi Vestland bør finne sted gjennom styringsgruppe for e-helse. Det blei også uttalt at sammensetning av styringsgruppe for prosjektet bør vurderes ut fra intensjon om fylkesdekkende kommunal forankring av prosjektet og dets sluttleveranser.</p>	
02/20	<p>Gjennomgang av prosjektsøknad – prosjektplan. Budsjet og prosjektorganisering</p> <p>Starta opp eit formelt samarbeid i januar 2020 mellom dei to Nasjonalt velferdsteknologiprogramma på Vestlandet, Vestlandsprosjektet og Velferdsteknologi Sogn & Fjordane. Ønske var å tenkja langsiktig rundt arbeidet med e-helse og etablera Vestland som ein kraftregion for bruk av teknologi i helse – og omsorgstenesta. Det blei søkt om</p>		

	<p>fornyingsmidlar hos Fylkesmannen til eit samla prosjekt, E-helse Vestland, som blei innvilga med 3,25 mill. i 2020.</p> <p>Oppstartmøte for prosjektet var 21.08 i Førde.</p> <p>Visjon for prosjektet er at "Alle innbyggjarane skal kunne bu lengst mogleg heime i alle deler av Vestland fylke, støtte av velfungerande tenester bygd på velferdsteknologi i alle kommunane"</p> <p>Hovudmål og delmål blei gjennomgått, samt kva for aktivitetar som skal føre til at me når måla (Jamfør prosjektplan og vedlagt PP presentasjon).</p> <p>Førebels oversikt og organisering over prosjekt:</p>		
--	--	--	--



Organisasjonskart E-helse Vestland



03/20	<p>Logo – Heimeside – Ulike andre informasjons – og kommunikasjonskanalar</p> <p>Har kjøpt domene - “ehelse Vestland” og “e-helse Vestland”. Skal lage heimeside for prosjektet, som er under planlegging. Har fått eiga Facebooksida og oppfordrar alle til å følge og dele denne. Me skal laga nyheitsbrev som kan sendes rundt, og eventuelt henges opp.</p> <p>Diskuterer elles kva for andre kanalar me skal delta på for å få kontakt med ulike målgrupper.</p> <p>Har fått utkast til logo frå ein reklamebyrå som prosjektgruppa godkjente</p>	<p>*Utarbeide informasjon – og kommunikasjonsplan</p> <p>*Held fram arbeide med heimeside</p> <p>*Utarbeider ulikt materiale med logoen for E- helse Vestland</p>	
04/20	<p>Kva må me ha på plass i 2020?:</p> <p>Organisering</p> <p>Prosjektmandat</p> <p>Prosjektplan</p> <p>Prioritert handlingsplan 2021</p> <p>Mandat i dei ulike arbeidspakkane</p> <p>Styringsdokument</p> <p>Det er viktig å ta vare på tilsette som har fått spesialist - kompetanse ved deltaking i det Nasjonalt velferdsteknologiprogram</p> <p>INNSPELL frå prosjektgruppa</p>	<p>*Prosjektadministrasjonen held fram med utarbeiding av styringsdokument, og tek med seg innspel frå prosjektgruppa i dette arbeidet.</p> <p>*Forslag til dokument blir lagt fram for prosjektgruppa, enten via mail eller knytast til møter.</p>	

	<p>*Halde fram arbeidet som er starte i dei ulike regionane og samstundes drive utvikling.</p> <p>*Viktig utfordring er korleis skal ein involvera alle kommunane, spesielt dei kommunane som ikkje er representert i prosjektgruppa.</p> <p>*Tildelingskontor blir viktige i dette arbeidet sidan det er dei som tildele tenester</p> <p>*Gevinstrealisering blir eit viktig område</p> <p>*Viktige område er når pasienten får hjelp både frå kommunen og spesialisthelsetenesta – Pasienten sine helseteneste.</p> <p>*Kompetanse er veldig viktig å jobbe med også framover. Ha langsiktige planer rundt dette. Involvera utdanningsinstitusjonane</p> <p>*Forskning blir som eit tillegg til prosjektet gjennom ulike søknader, som eit bidrag for å innhenta kunnskap for så å kunne formidle den ut igjen</p>		
05/20	<p>Møteplan</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Styringsgruppemøte – frekvens – ansvar ○ Prosjektgruppemøte – frekvens – innhald – ansvar 	<p>Ikkje bestemt endå på grunn av at ein ikkje er ferdig med organisering endå - jamfør sak 1.</p> <p>Møter i 2020:</p> <p>*Onsdag 25.11 på Teams, fysisk for dei som skal delta på møte i Førde same dag.</p> <p>*Har ikkje møte i desember.</p> <p>Møter i 2021</p>	

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Arbeidsgruppemøte – frekvens – innhald – ansvar ○ Andre møter ○ Teams som verktøy <p>Det er oppretta eit Team i Teams for E- helse Vestland. Medlemmer i prosjektgruppa blir lagt til dette Teamet.</p>	<p>*Ha møte 1 gong i mnd. på Teams, 2. onsdag i mnd. Kl. 13 – 15.30. *Ha 2 møter fysiske fyrste halvår 2021: 17.02 i Førde og 12.05 i Bergen. Innkalling kjem i Outlook.</p>	
06/20	<p>Mandat til deltakarane i prosjektgruppa: Roller – funksjon – ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Prosjektgruppa har ansvar for i lag med prosjektadministrasjonen at oppgåvene i prosjektplanen vært gjennomført ○ Prosjektgruppa skal sikra framdrift og god fagleg oppfølging av prosjektet ved at gruppa utfører dei oppgåvene styringsgruppa har vedtatt og bidra til at oppgåvene blir løyst ○ Pådrivar, gjennomfører og etterspørjar 		
07/20	<p>Orientering om utarbeiding av styringsdokument</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Prosjektplan Den er sendt ved innkallinga. Ingen merknad til denne i dette møtet. ○ Prosjektmandat Tatt opp under sak 4 og 6 	<p>Planer skal reviderast jamleg i prosjektperioden.</p>	

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Samarbeidsavtaler Det er ulike variantar for samarbeidsavtaler i dei to prosjekta i Vestland. Desse blir sendt ut til prosjektgruppa på mail. Innspel på at dersom det skal vera knytt eigenandel for kommunane bør summen vera kjent på førehand. ○ Informasjon - og kommunikasjonsplan Det er utarbeida eit utkast som blir sendt ut på mail ○ Kompetanse- og opplæringsplan Det blir utarbeida eit utkast til dette som blir sendt ut. Her må også utdanningsinstitusjonane inn med de dei kan tilby. Viktig at ein avgrensar det som prosjekt skal ta ansvar for og kva andre aktørar skal ha ansvar for, f. eks kva skjer i kommunal regi, USHT og KS ○ Strategiplan Korleis skal me nå måla i prosjektet. Blir utarbeida eit utkast. ○ Milepælsplan Held på å lage utkast som blir presentert seinare ○ Prioritert handlingsplan 2021 opp mot handlingsplan 2025 	<p>Vurderer desse to avtalane på neste møte for å lage ein for E-helse Vestland.</p> <p>Innspel til denne skal sendast til prosjektmedarbeidar Annette Norevik.</p> <p>Innspel til denne skal sendast til prosjektmedarbeidar Gro Løvik.</p> <p>Denne blir sendt ut når utkast er ferdig.</p> <p>Denne blir sendt ut når utkast er ferdig.</p> <p>Denne blir sendt ut når utkast er ferdig</p>	
--	---	---	--

08/20	<p>Innhald i arbeidspakke 1- 3, Detaljert budsjett</p> <p>Såg gjennom eit oppsett som Vestlandsforskning har laga som eit forslag for budsjett på dei ulike arbeidspakkane, og eventuell fordeling av midlane.</p> <p>Viktig at eksterne parter fører timer på innsats dei bruker, slik at ein kan dokumentere for eventuell fordeling av midlar og eigeninnsats.</p> <p>Viktig at E-helse Vestland har oversikt over andre prosjekt som er nasjonalt og i spesialisthelsetenesta. Dette for å innordne oss slik at vårt arbeid blir ein del av ein heilheit, og at ein ikkje gjer ting dobbelt.</p>	<p>Prosjektadministrasjonen jobbar vidare med oppsettet for budsjettet for å knytte eventuelle midlar til ulike aktivitetane og dei ulike partane som er med i prosjektet.</p> <p>Utvida arbeidsgruppe kartlegg andre prosjekt som pågår</p>	
09/20	<p>Kjøpe konsulenttenester på nokre områder</p> <p>Oppgåver kan fordelast etter kva for oppgåver ein tek på seg ved at ein frikjøper nokon av aktørane som allereie er i prosjektet. Dette for å behalde kompetansen etterpå som blir opparbeida.</p>	<p>Ynskjer ikkje å leige inn eksterne konsulentar, men tar kontakt med aktørar som allereie er med i prosjektet.</p>	
10/20	<p>Møte med utvida arbeidsgruppe 24.11 og 25.11</p> <p>Her skal prosjektmedarbeidarane, representantar frå forskning – og utdanningsinstitusjonar, vertskommunen og representantar frå USHT møte. I tillegg ynskjer ein å invitera representantar frå brukarorganisasjonen og tillitsvalte som er med i styringsgruppa til denne samlinga</p>		
11/20	<p>Informasjon om prosjekt «Digital heimeoppfølging» v/Prosjektleder Anne Ruth Botnen Bjørlo i Stadt kommune Eigen presentasjon. 3 årig prosjekt</p>	<p>PP frå presentasjonen</p>	
12/20	<p>«Digital heimeoppfølging» i Helse Vest v/Virksomhetsarkitekt Håkon Bull – Njaa og Jarle Nordvik i Helse Vest IKT Eigen presentasjon. Prosjekt som har vart i 1,5 år</p>	<p>PP frå presentasjonen</p>	

13/20	Oppsummering av presentasjonar Er det fleire kommunar som er moden for digital heimeoppfølging? Det er viktig føresetnad at ein involverer fastlegane i dette arbeidet	Kari Støfringsdal og Per Waardal lager eit forslag til plan for dette arbeidet	
14/20	Informasjonsskriv om moglegheiter for deltaking i prosjektet til kommunane i Vestland som ikkje er med i prosjektet Det er 10 kommunar i region Hordaland som ikkje er med i Vestlandsprosjektet. Gjekk gjennom utkast til informasjonsbrev til desse kommunane, der me inviterer til digitalt møte i Teams for informasjon.	Prosjektleder sender ut skrivet til dei aktuelle kommunane	
15/20	Tilskot til tiltak for auka kompetanse til eldre og tilsette for å motverke einsemd Søknaden blei innvilga. Ein fekk 845 000 kr til prosjektet. Ynskjer å engasjera unge som kan bidra med sin kompetanse for å auke kompetanse hos eldre og tilsette i kommunane. Eks. gjennom datakafé. Ynskjer å innhente beste praksis og spreie det til kommunane i prosjektet .	Det blir sendt ut eit skriv om dette til kommunane i løpet av neste veke der ein kan søke om deler av desse midlane til ulike tiltak i eigen kommune	
16/20	Helsemesse 2021 Det er etterspurnad etter arena for leverandørar og kommunar & spesialisthelsetenesta. Prosjektadministrasjonen jobbar vidare med planlegginga av Helsemesse	Rekne med at ei slik messe kan arrangerast hausten 2021.	
17/20	Førespurnad om forskingssamarbeid med Øygarden kommune, Helse og velferd Har ikkje fått informasjon om kva dette inneber og kva det skal forskast på	Avvente denne førespurnaden til meir informasjon føreligg	

18/20	Eventuelt		
	Konferansen Teknologi i helse og omsorg 2021 i regi av HVL Den skal arrangerast 11. mai 2021	Moglegheit for påmelding kjem i løpet av januar 2021 på HVL sine heimesider.	
	Oppsummering *Fagforbundet ønsker å delta i arbeidet knytt til kompetanse og opplæring *Viktig at ein får konkretisert oppgåvene slik at ein kan setja ut oppdrag til f.eks. forskning – og utdanningsinstitusjonar. *Viktig at ein kartlegge og systematiser kva som finst av prosjekt og tiltak allereie, slik at ein kan bygge vidare på dette i planane til E- helse Vestland (konkretisert i ulike dokument) *Viktig å få betre struktur og tydleg arbeidsoppgåver		

Referent: Prosjektmedarbeidar Anita L. Sævild